

---

Vår referanse 2020/78582-2  
Dato 22.12.2020

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Dispensasjonssøknad - utviding parkeringsplass - gnr 107 bnr 7 - Kolås - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 04.12.2020.

Søknaden gjeld dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen for å utvida parkeringsplass på Kolås i Alver kommune.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor areal definert som LNF med omsynssone landbruk H510\_oL01 i kommunedelplanen for Lindås.

### Uttale

Utviding av parkeringsplassen vil auke kapasiteten frå rundt 10 til rundt 25 bilar. Den eksisterande parkeringsplassen vart etablert for turgåarar i området kring Kolåsfjellet. Det er no planlagt dagsturhytte på Vardefjell i dette området, som gjer at ein kan forvente ei auke i tal på turgåarar og besøkande til området.

Vestland fylkeskommune avdeling for infrastruktur og veg stiller seg positive til utviding av parkeringsplassen for å samle bilar for dei som går på tur i nærområdet.

Med helsing

Hege Løtveit  
leiar

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*